



## Referat og protokoll etter meklingsmøte 19.11 og 21.12.2020 om økonomisk oppgjer etter grensejusteringa på Bryggja

Møtet 19.11.2020:

Til stades:	<u>Kinn kommune</u> : Ola Teigen (ordførar), Terje Heggheim (kommunedir.), Sissel Kongsvik (varaordførar) , Morten Hagen (formannskapsmedlem). <u>Stad kommune</u> : Siri Sandvik (varaordførar), Åslaug Krogsæter (kommunedir.), Gunvald Ludvigsen (kommunestyremedlem), Elin Leikanger (kommunalsjef), Hans Peter Eidseflot (einingsleiar) <u>Fylkesmannen</u> : Lars Sponheim, Nils Erling Yndesdal (kommunaldir.), Kåre Træen (seniorrådgjevar).
Forfall:	
Møteleiar:	Lars Sponheim
Referent:	Kåre Træen og Nils Erling Yndesdal

Tidspunkt: 19.11.2020, kl. 11.30 – 14.30.

Møtestad: Bryggja (storstova)

### Innleiing

*Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjorde i brev av 28.11.2017 vedtak om at kommunegrensa mellom tidlegare Vågsøy (Kinn) og den nye kommunen av Eid og Selje (Stad) blir justert slik at området Bryggja (kretsane Totland, Bryggja og Maurstad) i Vågsøy blir ein del av den nye kommunen Stad frå 1. januar 2020.*

Etter inndelingslova skal det ved grensejusteringar gjennomførast eit økonomisk oppgjer mellom kommunane, dersom dei ikkje finn det unødvendig. Etter grensejusteringa på Bryggja har ikkje kommunane Kinn og Stad kome til semje om det økonomiske oppgjeret, og dei har bede Fylkesmannen mekle mellom kommunane.

Utgangspunktet er at kommunane på eiga hand skal prøve å kome fram til ein avtale om det økonomiske oppgjeret. Dersom kommunane er usamde, kan dei be Fylkesmannen om hjelp til å forhandle fram ein avtale om det økonomiske oppgjeret. Fylkesmannen si oppgåve er å rettleie og mekle mellom kommunane i prosessen. Inndelingslova slår fast at om ikkje partane blir samde om det økonomiske oppgjeret, skal det fastsetjast ved skjønn. Men det følgjer av propositionen for inndelingslova at det er ein føresetnad at kommunane gjer det dei kan for å kome til semje.

Referat og protokoll etter meklingsmøte 19.11 og 21.12.2020 om økonomisk oppgjer etter grensejusteringa på Bryggja

Side 2

Meklinga blir gjennomført etter at partane har kome med sine utdjupande innleiingar om saka, og kva økonomiske standpunkt kommunane har når det gjeld det økonomiske oppgjaret.

**Oppsummering etter møtet 19.11.2020:**

Kommunane held fram meklinga i eit nytt møte.

**Møtet 21.12.2020:**

Til stades:	<u>Kinn kommune:</u> Ola Teigen (ordførar), Terje Heggheim (kommunedir.), Sissel Kongsvik (varaordførar) ,Morten Hagen (formannskapsmedlem). <u>Stad kommune:</u> Siri Sandvik (varaordførar), Åslaug Krogsæter (kommunedir.), Gunvald Ludvigsen (kommunestyremedlem), Elin Leikanger (kommunalsjef), Hans Peter Eidsefot (einingsleiar) <u>Fylkesmannen:</u> Lars Sponheim, Nils Erling Yndesdal (kommunaldir.), Kåre Træen (seniorrådgjevar).
Forfall:	
Møteleiar:	Lars Sponheim
Referent:	Kåre Træen og Nils Erling Yndesdal

Tidspunkt: 21.12.2020, kl. 10.00 – 12.00.

Møtestad: Digitalt på Teams med videostudio for kommunane.

Det vart innleiingsvis vist til orienteringsmøtet på Teams som Fylkesmannen hadde med kommunane 11.12.2020. Målet med det møtet var å orientere om, og drøfte, den vidare prosessen for det økonomiske oppgjaret etter avgjerd til skjønnsnemnda. Det ligg føre referat frå møtet.

**Meklinga**

Kommunane er samde om at det skal gjennomførast eit økonomisk oppgjer etter inndelingslova § 19.

Kommunane er ikkje samde om at det skal gjennomførast ei erstatning etter inndelingslova § 21. Kinn kommune meiner det er relevant å krevje erstatning, medan Stad kommune meiner at denne type erstatning ikkje er relevant i denne grensejusteringa. Kinn kommune vil innan 31.12.2020 krevje skjønnsnemnd for erstatning etter inndelingslova § 21.

Meklinga vart såleis avgrensa til det som gjeld økonomisk oppgjer etter inndelingslova § 19.

Meklinga vart gjennomført i ein god tone der det var tydeleg vilje til forhandlingar, og der både partane var innstilte på å kome til semje.

## Meklingsresultat

Kommunane er samde om å inngå ein avtale etter inndelingslova § 19 der det økonomiske oppgjeret er på 30 mill. kroner. Det økonomiske oppgjeret omfattar følgjande eigedomar/anlegg innanfor det geografiske området som er grensejustert:

- Kommunale vegar
- Bryggja omsorgssenter
- Bustader – Strandavegen 20
- VA-anlegg
- Bryggja skule

Opgjeret inkluderer også Fellesrådet sine investeringar (m.a. kyrkje og gravplass).

## Vidare sakshandsaming

Kommunedirektørane i kommunane Kinn og Stad, vil med bakgrunn i dette referatet og protokollen under, leggje fram meklingsresultatet til politisk handsaming i respektive kommunestyre.

Kinn kommune vil, innan fristen 31.12.2020, krevje skjønnsnemnd når det gjeld erstatning etter § 21. Kinn vil for sikkerheits skuld samstundes krevje skjønnsnemnd etter § 19. Dersom kommunestyra i Kinn og Stad sluttar seg til protokollen om økonomisk oppgjer etter § 19, vil dette siste kravet bli trekt.

## Protokoll etter meklingsmøte 21.12.2020

Etter grensejusteringa på Bryggja er kommunane Kinn og Stad samde om å inngå ein avtale etter inndelingslova § 19 der det økonomiske oppgjeret er på 30 mill. kroner.

Kinn kommune meiner det er relevant å krevje erstatning etter § 21, medan Stad kommune meiner at denne type erstatning ikkje er relevant i denne grensejusteringa.

Kommunedirektørane i Kinn og Stad er samde om å leggje fram meklingsresultatet til politisk handsaming i respektive kommunestyre.

Med etterhald om politisk godkjenning.

Måløy/Nordfjordeid, 21.desember 2020

*Terje Heggheim (sign.)*

kommunedirektør Kinn

*Åslaug Krogsæter (sign.)*

kommunedirektør Stad